

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| 642.0 | Knut Øyjordet | 04.03.21 | 5/21 |

SPØRSMÅL OM ENDRING AV FISKEREGLANE FOR GJENDE

Saksdokument:

1. Gjeldande fiskereglar.
2. Sak 30/20 i fjellstyret.
3. Rapport til kommunen om «Gjendefisken», i brev frå fjellstyret av 13.01.21 til kommunen.
4. Resultat frå prøvefiskingar.

Saksutgreiing:

Både i 2019 og i 2020 var det på Gjende innslag av ein del mager fisk, særleg blant dei «store» individua i bestanden. Dette resulterte i at fjellstyret vedtok følgjande endringar i fjar, gjeldande frå 21. august (vedtak etter fullmakt):

Frå og med 21. august og ut sesongen 2020 blir det gjort følgjande endringar i garn-fiskereglane på Gjende:

- *Minste lovlege maskevidde på dei 8 garna på 39 mm eller større blir sett ned til 35 mm eller større.*
- *Dei 2 garna på 29 mm eller mindre som ein kan nytte i tillegg til dei 8 garna, blir utvida til 5 garn pr. fiskar (altså på 29 mm eller mindre).*

Fiskarane blir sterkt oppfordra til å fiske med 29 mm` s garn eller mindre i tillegg til dei 8 garna.

Fjellstyret vil understreke kor viktig det er at det blir fiska på Gjende nå, både med oter og garn. For fiskebestanden på Gjende og i mange andre vatn også der det er stor naturleg rekruttering, er det viktig med eit bra omfang av fiske. Fiskarane blir såleis sterkt oppfordra til å fiske på Gjende nå framover, ikkje berre denne sesongen, men også i åra framover.

Vurdering:

Sjølv med endring i fiskereglane og ei sterk oppfordring til fiskarane om å fiske sjølv om kvaliteten på fisken var så som så, vart det dessverre ein del som droppa fisking på Gjende også sist sommar. Prøvefiske sist haust støtta også opp om tilbakemeldingane frå dei få som fiska der om kvaliteten på den større fisken. Med bakgrunn i prøvefiske, resultat frå andre undersøkingar og diverse litteratur om Gjendefisken, så er nok ikkje fiskebestanden på Gjende i ferd med å bli «overbefolka». Mest sannsynleg betyr endringar i klimatiske forhold mykje, særleg i produksjon av plankton og dermed mengde og tilgang på dyreplankton, som er den viktigaste næringa for Gjendefisken.

Vedtaket om endringar i fjar gjaldt berre for 2020. Gjeldande reglar er difor at kvar fiskar kan nytte 8 garn på 39 mm eller større og 2 garn på 29 mm eller mindre. Sidan kvaliteten på den større fisken ennå var därleg sist haust så bør ein også til sommaren halde fram med 35 mm som minste lovlege maskevidde, og talet på desse kan gjerne bli auka frå 8 til 10 garn. For bruk av 29 mm` s garn eller mindre, så er nok tida inne for å «tvinge med» slike garn. Den naturlege rekrutteringa av småfisk er generelt god på Gjende, og det er viktig å få «tynna ut»

| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
|--------------------------|-------------|---------------|----------------------|
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstylene.no |

ein del av den «mindre» fisken i bestanden også, slik som ein normalt oppnår ved oterfisking. Og for at alle garnfiskarar skal delta i denne kultiveringa, bør det nå «tvingast med» 2 garn på 29 mm eller mindre. Garnfiskesesongen er lang på Gjende (15. juni – 5. oktober), det skulle såleis ikkje vera nødvendig med endringar i fisketida. Og oterfiske er lov frå 1. juni, og kan også skje samtidig med garnfiske i heile garnfiskesesongen.

Elles blir det viktig å halde seg oppdatert om kvaliteten på Gjendefisken framover. Kontakt og tilbakemeldingar fra fiskarane blir som tidlegare svært viktig, og i tillegg bør vi gjennomføre jamlege prøvefiskinger. Dessutan bør det nå bli delt ut fangstskjema til garnfiskarane, som er eit godt supplement til fangstresultat på dei ulike maskeviddene ved prøvefiske.

Av praktiske tiltak i tilrettelegging for garnfiske på Gjende, så legg vi opp til å heve tilbodet knytt til opphold i Vågåbue. Fjellstyret har ein båt liggjande ved bryggja til Gjendebåtane, som er tiltenkt brukarar av Vågåbue som ikkje nyttar eigen båt frå Gjendeosen. Det er aktuelt å kjøpe inn ein båtmotor til denne, samt garn som kan bli lagra i uthuset. I fjor vart det kjøpt inn ein gassfryseboks for oppbevaring av fisk.

For fiskinga på Gjende, både for oter- og garnfiskarar, er det også svært viktig at utkjøring av båtar og parkering av bil med eventuell båthengjar på Gjendeosen skjer «knirkefritt». Det hender av og til at det står parkert bil/buss i området for utkjøring av båtar, slik at det blir trøngt og eventuelt umogleg for utkjøring. Dette skaper fort irritasjon. Av og til er det også i høgsesongen for båttransporten på Gjende nokså fullt på parkeringa aust for bryggja der fiskarane normalt set frå seg bil og eventuelt med hengjar. I revisjon av reguleringsplanen for området, i samband med Nasjonal turistvegar si oppgradering av Gjendeosen og Reinsvangen, er det avsett eit visst antal p-plassar aust for bryggja øyremerk for utøving av «bruksrett», m.a. fisking på Gjende. Det er viktig at det til kvar tid er ledige plassar her i fiskesesongen. I oppfølginga av reguleringsplanen og for at fiskarane skal bli tilfredse, så har dei ansvarlege for drifta av parkeringa såleis ei svært viktig oppgåve i den praktiske tilrettelegginga og styring med trafikken på Gjendeosen.

Innstilling til vedtak:

Frå og med sesongen 2021 og inntil vidare foreslår fjellstyret følgjande endringar i reglane for garnfiske på Gjende:

Kvar fiskar kan nytte inntil 15 garn. Maks. 10 av desse kan vere på 35 mm eller større, og maks. 5 av dei på 29 mm eller mindre. Ved bruk av garn på 35 mm eller større, så må kvar fiskar ha med minst 2 garn på 29 mm eller mindre.

Fjellstyret grunngjev forslaget til endringar i garnreglar med at kvaliteten på Gjendefisken har vore dårleg dei siste to åra, spesielt blant den større fisken i bestanden. Det er også for å kompensere for mindre omfang av oter- og garnfiske dei siste åra. Fjellstyret er innstilt på å følgje ekstra nøye med Gjendefisken framover, med m.a. prøvefiskinger, jamleg kontakt med fiskarane og bruk av fangstskjema.

| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
|--------------------------|-------------|---------------|----------------------|
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |

Vedtak:

Samrøystes:

Frå og med sesongen 2021 og inntil vidare foreslår fjellstyret følgjande endringar i reglane for garnfiske på Gjende:

Kvar fiskar kan nytte fritt antal garn med maskevidde på 35 mm eller større. Kvar fiskar skal ha med minst to garn på 29 mm eller mindre. I tillegg til dei to garna på 29 mm eller mindre, kan kvar fiskar nytte maks. tre garn på 29 mm eller mindre, dvs. at kvar fiskar kan nytte maks. fem garn på 29 mm eller mindre.

Ved fisking med fastståande reiskap, dvs. garn eller reiv på Gjende, kan det same natt bli fiska med fastståande reiskap på eit anna vatn innanfor kortområdet, og etter dei reglane som er fastsett for fiske med fastståande reiskap for det vatnet.

Fjellstyret grunngjev forslaget til endringar i garnreglar med at kvaliteten på Gjendefisken har vore dårlig dei siste to åra, spesielt blant den større fisken i bestanden. Det er også for å kompensere for mindre omfang av oter- og garnfiske dei siste åra. Fjellstyret er innstilt på å følgje ekstra nøye med Gjendefisken framover, med m.a. årlege prøvefiskingar, jamleg kontakt med fiskarane og bruk av fangstskjema.

Følgjande forslag frå Turid Grimsbø Snerle fall med to mot tre stemmer:

Fjellstyret ønskjer at ein i tillegg til å endre garnreglane på Gjende bør vurdere å opne for at utanbygdsbuande kan fiske med garn og oter på Gjende.

Fleirtalet meiner at det ikkje er noko fagleg grunn som tilseier at tida er inne for å opne for utanbygds til garn- og oterfiske på Gjende.

Rett utskrift. Går til:

Vågå kommune

Kopi til:

Vågå JFF v/Bjørn André Lusæter

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
|--------------------------|-------------|---------------|----------------------|
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |